


På grunnlag av båtrestane i myra laga Bård Kolflåth modellar og rekonstruksjonar. Biletet t.v. syner tverrsnitt av ei båtside i ein skinn/trebåt, ein overgangs-type.

Ein annan av båtane det vart funne restar av, er kalla Manger II (14C 80–245). Det var spant til eit havgåande roskip sauma saman med tråd. Bård Kolflåth samanlikna med andre skipsfunn frå heile Norden, m.a. Nydam og Hjortspring, og rekna seg fram til den sannsynlege utviklinga av båtbyggjarkunsten.



Ved Åbertsholmen fann Bård Kolflåth restar etter murar under vatn og dessutan spor etter grunder av stokkar og teiger. Han tolka dette som ei fiskefelle som virka ved hjelp av flo og fjøre, og som kan ha vore ein viktig føresetnad for busetnaden i området.



Ein av dei få tinga i jern som vart funne i myra, var ei tømmerklo for eihandsbruk. Kloa var laga av myrsmalm-plater rulla saman og smidd i form.

